

Referat frå årsmøtet i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap



Sverresborg, 18. april 2018



Deltakarliste på nettverksmøtet på Sverresborg 2018

	Namn	Institusjon
1	Astrid Matland	Bymuseet avd. Damsgård
2	Dordi Kjersti Mogstad	Miljødirektoriatet
3	George Chioko	Norsk folkemuseum
4	Helle Fredrikke Rød	Norsk folkemuseum
5	Hildur Hauksdóttir	Anno Museum avd. Domkirkeodden
6	Kirsi Rätty	Sunnmøre museum avd. Ytste Skotet
7	Kjell Krogstad	De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum
8	Knut Ola Storbråten	Anno Museum avd. Kongsvingerregionen
9	Leif Hauge	Høgskulen på Vestlandet
10	Maja Frønes	Stiftelsen Nordmøre Museum, Svinviks arboret
11	Mari Marstein	Museene i Akershus
12	Marie Pettersson	Musea i Sogn og Fjordane
13	Nina Bergum	Sør-Troms Museum
14	Stein Sunde	Norsk folkemuseum
15	Sunniva Margrethe Due Aagaard	Miljødirektoriatet
16	Vivian Stølen	Grimstad by museer

Dette året hadde vi lagt nettverksmøtet i forkant av eit gartnarmøte i regi av Nettverk for historiske gartnarar. Sverresborg museum i Trondheim lånte ut lokale med utstyr og tok oss med på ei omvising på museumsområdet.

Velkomst og informasjon

Marie og Leif, koordinatarar for nettverket, ynskte alle velkomne til Sverresborg og nettverksmøtet.

- Samling i Bergen for nettverksansvarlege, februar 2017.
- Kulturrådet sitt utviklingsprogram for museum 2018-2020:
 - Forsking i museum
 - Digitalisering og digital samlingsforum
 - Samfunnsrolle, makt og ansvar.
 - Søknadsfrist 2018: 5. juni
- Riksantikvaren: *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* – registreringsprosjekt med mål at kommunar og sektorar skal ta landskapsomsyn i forvaltninga si.

- Leif orienterte om samlinga på Ytste Skotet i 2017.
- Kjell orienterte om bondesamlinga på Maihaugen førre året. Tema var «korn». Årets samling skal vera på Jærmuseet til hausten.

Nytt frå musea i nettverket

Alle i nettverksmøtet presenterte seg ved namn, institusjon og kva dei jobbar med/ nytt frå deira museum.

Marie, Musea i Sogn og Fjordane:

- Førebud den årlege hagedagen på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (DHS-SF).
- Skal starta eit prosjekt der ein ser på historiske planter på DHS-SF. Samla informasjon og info til publikum.

Leif, Høgskulen på Vestlandet

- Bachelor-oppgåve om skjøtelsplanar på DHS-SF
- Fornying av skjøtelsplanar på lokale Utvalde naturtypar – slåttemark.
- Utvalte kulturlandskap – skjøtelsplan, nye nomineringar

- Bok om ville vekstar i hagen
- Infofaldar om slåttemark og haustingsskog. Reknar med at dei vert lanserte av MD i haust/vinter.

Stein, George og Fredrikke, Norsk folkemuseum

- Stein orienterte om Norsk folkemuseum og arbeidet deira på Bygdøy. Det er tre faste som jobbar 100% gjennom heile året. Museet har ca. 300 000 besøkande. Mykje arbeid å ta fatt i.

Kirsi, Ytste Skotet

- Orienterte om Ytste Skotet
- Førre året vart det laga ein skjøtselsplan for innmarka. Eit tiltak for å hindra oppslag av vegetasjon er å ha fleire dyr som beitar om hausten.
- Idar Skotte som fortalte nettverket om livet på Me-Skotet på førre samling døydde i vinter. Han var ein viktig kulturberar og kven tek no over drifta på den garden?

Nina, Sør-Troms museum

- Nina koordinerar skjøtselsarbeidet på museet. Har sommarhjelp til å stella landskapet.
- Opnar ny gard

Astrid, Bymuseet i Bergen

- 1700-talshagen på Damsgård
- Hordamuseet sin støl på Fagerfjell
- Arbeidsansvar og frivillige som arbeider.

Maja, Nordmøre Museum/Svinvik arboret

- Samling av rhododendron, 375 stk
- 250 ulike typar bærtre
- Frukthage – restaurert 100 frukttre. Fått støtte frå landbruksdirektoratet. Back-up samling, fornying og mandatsortar.
- Avhengige av å få inn prosjektmidlar til å finansiera ei full stilling.

Hildur, Domkirkeodden

- Orientering om Domkirkeodden og kva dei har, t.d. norske klosterplanter og grønnsaker frå Hedmark på 1800-talet.
- Planter langs Mjøsa – forvilla planter som dei fører inn att i samlinga (unnateke skvallerkål).
- Fruktklonarkiv – 100 epletre

Kjell, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

- Orienterite om gardsdrifta på museet
- Amlabygg – funne ein gamal byggsort som han i samarbeid med Genresurssenteret skal få fram ein bestand på.
- Handboren kunnskap er viktig
 - Studentar er med å laga lauvrauk
 - Kopierer reiskap

Knut Ola, Anno Museum Kongsvinger regionen

- Har ansvar for Odalstunet. På mindre museum må ein vera altnoglegmann. Har varierte oppgåver, men hovudfokus på landskapet.
- Hadde innlegg om arbeidet seinare på møtet.

Vivian, Grimstad by museer

- Orienterte om Dømesmoen og Hagebruksmuseet.
- Har fått påvist heksekost på eit par frukttre – heile bestanden (40 sortar x 2) har fått redusert status. Er usikker på vidare status i Genresurssenteret.
- Samarbeid med Genresurssenteret med rabarbra.

Mari, Akershus museum

- Har fått ny stilling der ho kan konsentrera seg om hagar og planter
- Jobbar med forvaltningsplaner.
 - Er ferdig med Linnerud gård. Diskusjon om hagen skal få freda status.

- Skal byrja på Gamle Hvam.
- Forskingsprosjekt om pionar. Konsentrerer seg om europeiske pionar frå 1500-talet og framover.
- Primus for levande samlingar
- Norsk genressenter- utarbeide mal for kartregistrering av planter
- Svartelista planter – samarbeid med RA for og i mot artar.
- Kulturlandskap – solblom på Aurskog-Høland bygdetun
- Vegkantslått på Gamle Hvam – mykje raudkløver så skal prøva å magra ut. Pga. resursar vert det brukt ryddesag med kniv.

*Sunniva Margrethe Due Aagaard,
Miljødirektoratet*

- Jobbar på arts- og vann avdelinga
- Genetik og framande artar

Dordi Kjersti Mogstad, Miljødirektoratet

- Jobbar med kulturmark og landskap
 - Tekvare på trua og utvalde naturtypar og artar.

Orienteringar frå Miljødirektoratet
ved Dordi Kjersti Mogstad og Sunniva Margrethe Due Aagaard

Utvalte kulturlandskap i jordbruket

Orienterte om stoda. Prosjektet har vore politisk populært og blir no utvida. I 2017 kom 10 nye område, m.a. Havrå. Det er planlagt ytterlegare 13 nye område fram til 2020.

Handlingsplanar for utvalde kulturmarker

Revisjon av skjøtselsplanar på slåttemark og kystlynghei.

Prosjektet er i stadig fornying for å sikra betre arbeid med områda. Ein jobbar m.a. med ein skjøtselsplan-mal og rettleiing ut mellom folk, ikkje minst praktiske råd. Tett samarbeid med NIBIO og Høgskulen på Vestlandet.

Tilskotsordningar

Miljødirektoratet har fleire tilskotsordningar for å ta vare på natur. Det er midlar frå direktoratet men det er Fylkesmannen som fordeler dei.

- Trua naturtypar. Her fordeler ein ut 30 millionar kroner. Det meste går til slåttemark. Søknadsfrist 15. januar
- Trua artar. 17,5 millionar . Søknadsfrist 15. januar
- Prioriterte kulturlandskap. Område frå ei liste som får pengar.
- Ville pollinerande insekt – etablera leveområde, dvs. blomsterrike areal. Ny ordning for i år. Frist var 1. mars.
- Framande organismar – nedkjempe framande og skadeleg vegetasjon. Er eit aukande tema. Søknadsfrist 15. januar.

Skårbergsætra, Børli og Abborhøgda

v/ Knut Ola B Storbråten, Anno museum avd. Kongsvinger regionen

I 2013 var Anno museum avd. Kongsvinger regionen vertsmuseum for nettverkssamlinga og vi besøkte dei tre lokalitetane. Vi fekk no ei oppdatering av stoda.

Børli

Dette er barndomsheimen til dikteren Hans Børli. Det er ein publikumsarena og det vart fortalt litt om niandeklassingane som besøker husmannsplassen. Det er ca. 100 elevar som er med på opplegget med konsert, poesivandring m.m. I år er det i tillegg 100-års jubileum og det vert feira med ulike arrangement.

I forhold til kulturlandskap vert større delen av området slått. Dei mottek 45 000 kr til skjøtsel. Området vert slege og dei får hjelp med dette. Graset vert raka saman og fjerna frø sjølve slåttemarka, det vart lagt på faste plassar.

Kristina Bjureke har planta inn solblom til Børli.

Abborhøgda

Statskog eig dette finnetorpet, men det er museet som har hatt tilsyn på bygningar og skjøtta landskapet. I dei åra som museet har hatt drifta har dei klart å snu ein negativ trend. Dei har hatt ein del større restaurering, ikkje minst på den verneverdige gamle låven.

På eigeidomen er det 12 freda bygningar. Det er også snakk om at arealet skal fredast. Det er laga ein skjøtselsplan for området der området kring husa og tørrbakken har høgst prioritet.

Slåtten vert utført i samarbeid med ein skuleklasse på Austmarka. Pengane skuleklassen får går til skuletur til Polen (kvite bussane).

Museet har no sagt opp avtalen med Statskog. Det vert for ressurskrevjande å drifta området. Det er søkt og tildelt midlar og det er laga avtale med skuleklassen i 2018, deretter er det uvisst korleis Statskog kjem til å drifta torpet.

Skålbergsætra

Skogsætra på 12-15 mål er restaurert og ein mottek tilskot. Det har vore stølsdrift sidan 2012. Det er mange ungdommar som hjelper til på somrane. Budeier er lønna.

Restaureringa og stølsdrifta er sett pris på av ålmenta og museet ønskjer å halda fram med denne aktiviteten. Det som museet ser som vanskelegare for kvart år er å få tak i kyr. Det vert færre og færre som driv med kyr. I 2018 må dei henta dyr frå nabokommunen.

Oscar Puschmann har vore med på å dokumentere endringar i landskapet på stølen.

Primus for levende samlinger v/ Mari Marstein

Dette er eit prosjekt som nettverket tidlegare har jobba med under leiging av Museene i Akershus. Dei siste åra har vi ikkje fått innvilga søknadene til kulturrådet.

Det er eit prosjekt som Kulturrådet har bede nettverket om å arbeida fram. Prosjektet er også forankra i Sverige.

Museene i Akershus er no i dialog med Bård Bie Larsen (tidlegare Kulturrådet, no kulturIT) om å få koma vidare med prosjektet. Dei vil utforma ei søknad til 5. juni.

Til søknaden skal det liggja ved intensjonsavtale med nettverket og med dei musea i nettverket som ønskjer å delta meir aktivt i prosjektet. Det var fleire museum som var interesserte, men det må avklarast med leiingane. Mari tek kontakt med dei og med dei musea som har vore med tidlegare men ikkje hadde høve å delta på årsmøtet.

Folkemuseet i Oslo

v/ Stein Sunde

Stiftelsen Norsk Folkemuseum har fleire store avdelingar, t.d. friluftsmuseet, Kongsgården, Bogstad gard, Eidsvoll 1814, Ibsenmuseet og Norsk maritimt museum.

Bysamlinga har vore nede grunna restaurering, men skal få den opp att til neste år.

Til neste år skal ein opna to hus frå Porsanger, eit bustadhus og ein låve. Ved tunet skal ein dyrka potet og grønnsaker.

DNT-hytte vart opna til påske.

Gartneriet på Bygdøy kongsgård har freda bygningar og ein har restaurert heile området, m.a. har ein to nye drivhus. Det er stor aktivitet med både urtehage, butikk og kafedrift. Ein ting som ein har vore plaga med er rådyr og ein har difor gjerda in heile området.

I samband med at kommunen bygde ein sykkelveg har museet vorte av med noko dyrka mark, urtehaugen og delar av folkemuseet er også omfatta.

Oscar II-parken er freda. Her har det vore kampanje mot edelgran og platanlønn og ein skal fjerna ein del tresjikt.

Nettverket vidare

Det var ein diskusjon korleis ein skal ta nettverket vidare og kva ein skal jobba med dei neste åra. Det var også delt ut eit spørjeark som deltakarane fylte ut.

Omvising på Sverresborg

Vegard Edvardsen, museumspedagog ved Sverresborg tok oss med på ei omvising av uteområdet.

Første stopp var nedanfor borga. Her går sauer og beitar for å halde vegetasjon nede. Kratt vert fjerna av hjelparar. Det er i alt fire tilsette på uteområdet og museet er avhengig av frivillig arbeid.

Ei anna beitemark ligg i eit bustadområde. Dyra vert såleis ein del av museet utan at dei eigentleg tilhøyrer museet.

Stavkyrkja er ein av hovudattraksjonane på museet. Ho er sett saman av fleire kyrkjer. Det var den første bygninga på dette museumsområdet og kan verka litt feilplassert i dag. Det er laga til ein dam for å attskapa det maritime og kystmiljøet som høyrer til kyrkja.

Borga – flott utsikt over Sverresborg, Trondheim og fjorden. Sjølvve borga vart øydelagt av tyskarane som fjerna kulturlaga på toppen. Brønnen finst framleis og kan fortelja litt av historia.

Oppdalstunet: Detlistua er eit av det mest kjente husa på museet, ikkje minst etter å stått modell i Disneys film Frost 2.

Vi var innom Vikastua med flotte dekorasjonar i tak og på veggjar.

Meråkertunet Nettet, skulestova og Klætlånet gjorde vi også stopp ved. Her diskuterte vi skuleopplegg, grønsakshage som vert brukt i skuleopplegg, men stelt av frivillige.

Bydelen – Sverresborg inneheld også ei byavdeling som skildrar Trondheim frå 1700-talet fram til i dag.

Hageseminar på Lade/Ringve Botaniske hage

Årsmøtet vart kopla opp mot eit hageseminar på Lade og mange av årsmøtedeltarane deltok på dette seminaret i regi av nettverket for gartnere i historiske anlegg og Ringve botaniske hage 19.-20. april.



Omvising på Sverresborg